

## Retningslinjer for Naturvernutvalet i DN Sogn og Fjordane

### Hovudoppgåver for Naturvernutvalet:

- Arbeide for mest mogeleg sporlaus og miljøvenleg ferdsel i naturen, mellom anna på eigne turar
- Arbeide for at DNT Sogn og Fjordane, og underliggende lag, vert mest mogeleg miljøvenlege
- Arbeide for at tillitsvalde og turleiarar får auka kunnskapar og forståing for/respekt for naturen. Tematurar, bruk av/samarbeid med fagfolk på ymse område.
- Arbeide for auka engasjement i natur- og miljøvernspørsmål både mellom medlemmer, turdeltakrar og andre
- Ha god kontakt med lokale turlag for å avklare interesselihøve i saker som ein arbeider med
- Samarbeide med barnehagar og skular for å gje barn og unge auka kunnskapar om/respekt for naturen og ferdsel i den
- Engasjere seg i aktuelle natur- og miljøvern- og friluftslivsspørsmål, særleg i saker som har tilknytning til vårt eige arbeidsområde. Dette vil m.a. omfatte arbeid for: Vassdragsvern, nye nasjonalparkar og andre verneområde, sikring og vern av friluftsområde, også nærområde og friluftslivsplanar, Norske sti- og løypeplan og avgrensing av motorferdsel i utmark.
- Samarbeide tett med FNF Sogn og Fjordane
- Kommunisere med/samarbeide med miljøvernstyresmaktene, særleg på kommune- og fylkesnivå, med andre natur- og friluftsinteresserte organisasjonar og med DNT sentralt
- Ha dialog med, og søkje å få til eit samarbeid med grunneigarorganisasjonar og aktuelle grunneigarar om naturvern generelt, om aktuelle naturvernsaker og om ferdskultur i naturen.
- Oppmode kvart lokallag til å ha ein naturvernkontakt eller utval i sitt turlag.

### Organisering av utvalet:

Naturvernutvalet skal bestå av ein leiar, 2 medlemmer og 1 varamedlem. Utvalet vert vald av DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte. Leiar er vald for 1 år om gangen, medlemmene er vald for 2 år om gangen.

Naturvernutvalet blir innkalla, og bør møte med leiar eller eit av medlemmene på DNT Sogn og Fjordane sine styremøter, fellesmøte og årsmøte.

Medlemmer i utvalet bør ha kompetanse i/interesse for dette fagområdet.

Naturvernutvalet skal ha jamnlege arbeidsmøter ved behov (teams eller fysiske møter)